

# Protokoll frå styremøte 4/2024

Torsdag 6. juni kl. 10.15–15.30 på Hotell Ivar Aasen, Ørsta

## Til stades

Jan Olav Baarøy (styreleiar), Amela Koluder (nestleiar), Vidar Lund, Stine Stennes Hovdenakk, Lars Kvestad, Kristin Bakken, Ellen Skodjevåg Bø og Hege Lothe.

## Forfall

Janne Nygård

## Frå administrasjonen

Direktør Olav Øyehaug Opsvik, administrasjonssjef Gaute Øvereng (sak 23/24)

## **17/24 Innkalling og saksliste**

### Vedtak

Innkallinga og sakslista blir godkjende.

## **18/24 Rekneskap januar-april**

### Vedtak

Styret tek rekneskapen for første tertial til orientering.

## **19/24 Årleg sak om brukarundersøkingar**

### Vedtak

Administrasjonen tek med seg innspela frå styret til ferdigstilling av årets brukarundersøkingar

## **20/24 Endring av logoar ved og for musea**

### Vedtak

Styret vedtek å endre logoane for Vinjesenteret, Haugesenteret og Aasantunet slik det kjem fram i saksframlegget.

Vedtaket blei gjort mot ei stemme (Koluder).

## 21/24 Endring av statuttar Olav H. Hauge-stipendet

### Vedtak

Nynorsk kultursentrum endrar punkt 1 og 7 i statuttane for Olav H. Hauge-stipendet. Dei nye punkta blir som følgjer:

1. *Olav H. Hauge-stipendet blir tildelt ein norsk lyrikar, songar eller tekstforfattar under 40 år som har gitt ut ei eller fleire diktsamlingar eller eigne større songverk og med denne kunstnarskapen har vist eit særleg poetisk talent.*
7. *Arenaleiar for Haugesenteret er sekretær for stipendjuryen og nominerer innan 15. april inntil fem kandidatar til stipendet med grunngiving.*

## 22/24 Vedtektsendringar

### Vedtak

Styret legg fram følgjande endringar i vedtektene. Endringar er utheva:

§1, tredje ledd blir endra til:

**«Føremålet for den ideelle stiftinga er å arbeide for nynorsk skriftkultur.** Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.»

§4, andre ledd blir endra til:

«Styret har sju medlemmer. Fire medlemmer blir oppnemnde av staten for fire år om gongen, to blir oppnemnde av rådet i tråd med § 6 i vedtektene for fire år om gongen, og ein av dei tilsette for to år om gongen. Alle oppnemningar er frå 1. april. Staten oppnemner to varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje for fire år om gongen. **Rådet oppnemner to varamedlemmer, for fire år om gongen. Dei tilsette vel ein varamedlem, for to år om gongen. Oppnemningane frå staten og rådet skal kvar for seg ha full kjønnsbalanse. Ved første gongs oppnemning skal to statsoppnemnde og ein rådsoppnemnd styremedlem med varamedlem oppnemnast for to år. Så langt råd er, skal like mange kvinner og menn oppnemnast eller veljast til styret.** Ingen styremedlem kan sitje meir enn åtte år i samanheng.»

§6, andre ledd blir endra til:

«Rådet skal ha minst 15 medlemmer med personlege varamedlemmer, alle oppnemnde for to eller fire år om gongen. Desse institusjonane har rett til å oppnemne medlem med varamedlem til Rådet:

Det Norske Teatret

Høgskulen i Volda

Høgskulen på Vestlandet

Landssamanslutninga av nynorskkommunar  
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

**Stiftinga Viti**

Møre Folkehøgskule  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Møreforskning  
Noregs Mållag  
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Noregs Ungdomslag  
Rogaland fylkeskommune  
Ulvik herad  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Oslo  
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet  
Vestland fylkeskommune

**Telemark fylkeskommune**

Vestmannalaget  
Vinje kommune  
Volda kommune  
Ørsta kommune»

§6, tredje ledd blir endra til:

«Rådet kan samrøystes vedta at nye institusjonar får rett til kvar å oppnemne ein representant med personleg varamedlem til rådet, dersom institusjonen sluttar seg til føremålet for stiftinga og betaler inn minst 10 000 kroner til grunnfondet. Slikt vedtak om tilslutning frå nye institusjonar, **og eventuelle namneendingar hjå gjeldande institusjonar**, er ikkje ei formell vedtektsending i høve til § 8.»

I tråd med §8 Vedtektsendingar blir framlegga lagt fram til drøfting for Rådet og deretter lagt fram for Kulturdepartementet til fråsegn.

**23/24 Målgruppeformulering for ny basisutstilling i Aasentunet.**

Vedtak

Målgruppene for den nye basisutstillinga i Aasentunet skal ta utgangspunkt i interessene til «vaksne som ofte går på kulturarrangement, bibliotek og museum». Meir spesifikke interessemålgrupper blir definert seinare.  
Innhaldet og formidlinga av utstillinga, skal tilpassast til 7-åringen og 16-åringen.

**24/24 Orienteringar**

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 3 pages before this page

Dokumentet inneholder 3 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 3 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 3 sider før denne side

Detta dokument innehåller 3 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page  
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende